

VEDTEKTER FOR FITJAR UNGDOMSRÅD – JUNI 2020 – JUNI 2023

1. FORMÅL OG MYNDE

1.1 Kommuneloven § 2: « Eldrerådet, rådet for personer med funksjonsnedsettelse og ungdomsrådet eller et annet medvirkningsorgan for ungdom er rådgivende organer for kommunen og fylkeskommunen. Rådene har rett til å uttale seg i alle saker som gjelder henholdsvis eldre, personer med funksjonsnedsettelse og ungdom. Slike saker skal kommunestyret, fylkestinget eller andre folkevalgte organer forelegge for rådene».

Ungdomsrådet i Fitjar Kommune skal ivareta ungdom sine interesser, stimulera ungdom i ungdomsskulen og vidaregåande skule til deltaking i politisk og frivillig arbeid, og til å påverke i politiske saker.

1.2 Ungdomsrådet sine oppgåver er:

- å fremja eigne saker og å kunna ta opp til drøfting barn og unge sine interesser i kommunen. Ungdomsrådet står fritt til å ta opp dei saker rådet ønskjer.
- å halda seg orientert om saker som gjeld barn og unge i kommunen.
- å vera pådrivar for det offentlege og friviljuge barne- og ungdomsarbeidet i kommunen.
- å skipe til to ungdomsarrangement i året, dersom kapasiteten tilet det. t.d. LAN og 16. mai diskotek

2. FUNKSJONSTID SAMANSETJING OG TILHØYRE I KOMMUNEN

2.1 Medlemmane sit i ungdomsrådet to år om gongen. Dei må sende ny søknad om medlemskap etter 2 år jamfør generelle rekrutteringsreglar.

2.2 Ungdomsrådet skal ha ti representantar som alle har stemmerett, og seks vararepresentantar i nummerert orden. Minst 8 representantar må vere til stades for at rådet skal være vedtaksføre.

2.3 Ungdomsrådet skal være breitt samansett. Ein skal legge til grunn ein representasjon på minst 40% av kvart kjønn dersom dette er mogeleg. Det skal leggjast vekt på å rekruttere medlemmer med fleirkulturell bakgrunn, funksjonshemming o.a. Ein skal søkje å rekruttere eitt medlem frå kvar klasse på ungdomsskulen og 4 medlemmer frå vidaregåande skule. Det er elles viktig å ha ei brei samansetning av interesseområde blant medlemmene.

2.4 Medlemmene bør vere busett i Fitjar kommune men kan vere dagpendlarar til skular i andre kommunar. Dei kan også vere frå ein annan kommune og bu på hybel i Fitjar kommune.

2.5 Ungdomsrådet skal ha eit arbeidsutval som skal innehalde leiar, nestleiar, møtesekretær, informasjonsansvarleg og ressursperson.

3. KOORDINATOR

3.1 Administrasjonen skal stille koordinatorressurs til rådvelde for ungdomsrådet. Dette er ein føresetnad for drift av ungdomsrådet. Koordinator skal administrera arbeidet med ungdomsrådet, og har tale- og møterett på alle møter i ungdomsrådet.

3.2 Koordinator sine oppgåver er:

-å hjelpa ungdomsrådet med å etablera nødvendig kontakt med kommunale organ og kontaktpersonar.

-å hjelpa til ved val/ rekruttering.

-å vera sekretær for ungdomsrådet og samarbeide tett med rådet sin møtesekretær.

-å tilretteleggja for opplæring.

-å vera kjend med rettleiaren for ungdomsråd på Bufdir sine nettsider:

https://www.bufdir.no/Familie/Tilbud_til_barn_og_unge/Veileder_for_ungdomsråd/

4. MØTE I UNGDOMSRÅDET

4.1 Ungdomsrådet fastset møteplan kvar haust og vår. Rådet kan gjera endringar i møteplanen etter behov. Det skal haldast minst tre obligatoriske møte i halvåret.

4.2 Innkalling til møta skjer frå ungdomsrådet sin koordinator i samarbeid med leiar og møtesekretær minst ei veke før møtet. Første og andre vara skal alltid kallast inn og møte etter nærare melding. Medlemar som ikkje kan møte, melder frå til sekretær, som syter for innkalling av vara. Ungdomsrådet sin møteplan skal leggjast inn i kommunal møteplan, og innkallingar og referat skal leggjast inn i kommunen sitt sak/arkivsystem.

4.3 Ungdomsrådet kan invitera politikarar, administrasjon og andre til rådsmøta for orientering, samarbeid e.a.

4.4 Ved røysting har leiar dobbelstemme ved stemmelikskap.

4.5 Dagsorden for møta i ungdomsrådet:

1. Opprop.
2. Godkjenning av innkalling og referat.
3. Godkjenning av dagsorden.
4. Statusrapport økonomi v/ koordinator.
5. Gjennomgang av referatsaker.
6. Handsaming av saker.
7. Ymse.

4.6 Økonomi og sekretærfunksjon vert lagt til koordinator.

4.7 Rådet har møtesekretær som skriv referat frå møtet. Koordinator reinskriv referat og lager innkalling og referat basert på møtesekretær sine notat frå møtet.

4.8 Etter fråvær på to møter utan gyldig grunn, skal leiar og koordinator kalle inn vedkomande til møte om fråværet. Dersom nokon har fråvær utan gyldig grunn på obligatoriske møter som går føre seg i skuletida skal lærar kontaktast av koordinator. Dei obligatoriske møta i ungdomsrådet tel ikkje som fråvær på skulen jf. forskrift til Opplæringslova § 3-41.

4.9 Ein skal ha minst tre ordinære møte i halvåret. Desse kan gå føre seg i skuletida. Skulen må godkjenne tidspunkt for alle møter. Møteplan skal sendast ut på høyring til skulane i byrjinga på kvart halvår. Ein kan ha arbeidsmøte i forkant av arrangement eller anna aktivitet utover obligatoriske møter. Desse skal arrangerast utanfor skuletid.

4.10 Kommuneloven: §11-9.»*Vedtaksførhet og avstemninger. For at et folkevalgt organ skal kunne treffe et vedtak, må minst halvparten av medlemmene ha vært til stede under forhandlingene og avgitt stemme i den aktuelle saken*».

Alle representantane har forslags- tale- og stemmerett. Minst 50% av representantane må vere til stades for at rådet skal vere vedtaksføre.

4.11 Referat frå møta i ungdomsrådet vert sendt til medlemene, samt lagt ut på kommunen sine nettsider.

5.VAL /REKRUTTERING OG OPPLÆRING

5.1. Val av ungdomsråd vert lyst ut på ungdomsskule og på vidaregåande skule. Interesserte søker på verva, og ungdomsrådet i samråd med koordinator vel ut kandidatane til intervju. Ein deler rådet inn i mindre grupper som deler på å gjennomføre intervju saman med koordinator. Ungdomsrådet innstiller deretter kandidatane til kommunestyret.

5.2 Kommuneleien § 5-12:» Kommuneestyret og fylkestinget skal selv velge et eldreråd, et råd for personer med funksjonsnedsettelse og et ungdomsråd eller annet medvirkningsorgan for ungdom».

Frå rettleiar frå BUFDIR: «Det er kommunestyret eller fylkestinget som velger ungdomsrådet. Det er mulig å involvere ungdom i forkant av valget, slik at ungdommene selv kommer med forslag til medlemmer til rådet. I så fall legges forslaget fram som en innstilling til kommunestyret/fylkestinget. Dette kan være viktig for å øke legitimiteten til ungdomsrådet i kommunen.»

Det er kommunestyret som vel medlemmer til ungdomsrådet formelt. Deira oppgåve er å sjå til at dei formelle krava i retningslinjene er følgde. Dersom ein i rekrutteringsprosess ikkje har oppnådd alle krava skal dette grunngjevast i saksframlegget til kommunestyret.

5.3. Medlemmene kan søkja permisjon eller fritak frå rådet. Kommuneestyret tek stilling til søknaden med alminneleg fleirtal.

5.4. Medlemmene i ungdomsrådet skal få opplæring i demokrati/ vedtaksprosessar og innføring i ungdomsrådet sin funksjon og oppgåver tidleg i perioden. Dette skal det avtroppande arbeidsutvalet og koordinator ta ansvar for.

5.5. Ungdomsrådet konstituerer seg sjølv i første møte innan den 30. i same månad etter at kommunestyret har valt medlemar til ungdomsrådet, jamfør kommuneleia § 5-12.

Følgande verv skal fordelast:

- leiar
- nestleiar
- møtesekretær (referat)
- skrivar (uttalar m.m.)
- informasjonsansvarleg (presse)
- informasjonsansvarleg (sosiale medier)
- ressursperson (støttefunksjon til leiar)
- kulturansvarleg
- helseansvarleg
- samfunnsansvarlig
- arrangementansvarleg

5.6 Kommuneleien § 5-12: «Ungdomsrådet eller annet medvirkningsorgan for ungdom skal ha en valgperiode på inntil to år. Medlemmene i ungdomsrådet eller annet medvirkningsorgan for ungdom skal på valgtidspunktet ikke ha fylt 19 år».

Frå BUFdir sin rettleiar: «Det er ingen grense i kommuneloven for hvor mange ganger et medlem kan velges».

Det skal føretakast nyval av med lemmer til ungdomsrådet kvart 2. år

Ved behov for rekruttering gjennom ein valperiode, skal ungdomsrådet innstille erstattarar frå innkomne søknadar ved siste val.

Dersom eit medlem ønsker å trekkje seg frå ungdomsrådet, er det kommunestyret som skal gjere vedtak om dette.

6. ØKONOMI OG RAPPORTERING

6.1 Frå BUFdir sin rettleiar: «Kommunestyret eller fylkestinget kan gi ungdomsrådet delegert myndighet til å bevilge penger. Det kan dreie seg om å

- *bevilge egne midler til å gjennomføre egne prosjekter*
- *fordele søknadsbaserte midler til prosjekter i kommunen/fylket*

Om rådet selv får bestemme over et budsjett, gir det både handlefrihet og ansvar. Det bidrar til økt forståelse for økonomiske prioriteringer i et politisk system.»

Ungdomsrådet disponerer sjølv dei midlane som vert avsett til rådet si verksemd.

6.2 Ungdomsrådet skriv årsmelding som vert sendt til kommunestyret kvart år. Meldinga skal m.a. innehalda opplysingar om eiga møteverksemd og viktige saker som er tatt opp.

7. ENDRING AV VEDTEKTER

Vedtektene skal takast opp til vurdering av ungdomsrådet minst kvart 3. år. Endringar skal vera i tråd med kommunelova og rettleiar for ungdomsråd og godkjennast av kommunestyret.

8. Politisk representant

Kommunestyret skal velja ein politisk representant som skal ha rådgjevande funksjon. Representanten skal kontaktast ved behov. Han/ho skal være bindeledd inn mot politiske utval.

9. Politiske saker til uttale:

Kommuneloven § 2: « Kommunestyret og fylkestinget skal etablere rutiner som sikrer at rådene mottar sakene på et så tidlig tidspunkt i saksbehandlingen, at uttalelsene fra rådene har mulighet til å påvirke utfallet av saken. Rådene kan også ta opp saker på eget initiativ. Uttalelsene skal følge saksdokumentene til det kommunale eller fylkeskommunale organet som avgjør saken endelig».

Administrasjonen har ansvar for å sende relevante politiske saker til uttale i ungdomsrådet.

10. Møtegodtgjersle

Ungdomsrådet skal ikkje ha ordinær møtegodtgjersle, jf. vedtak gjort i mars 2020, men det skal fastsetjast eit beløp innafor eige budsjett til ei felles oppleving 1 gong i året.